

Fra: Selma Lauvland[selma.lauvland@museumvest.no]

Sendt: 20.09.2022 14:42:31

Til: Vestland fylkeskommune[post@vlfk.no]

Tittel: Oversender for vurdering - Varsel om oppstart - Reguleringsplan - gnr. 160 bnr. 117 - Lauvøy - Austrheim kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Dykkar ref.: 2022/81546-2

Vedrørende varsel om oppstart - Reguleringsplan - gnr. 160 bnr. 117 - Lauvøy - Austrheim kommune. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til mail motteke 02.09.2022.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved gbnr. 160/117, Lauvøy, i Austrheim kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing

Selma Lauvland | Museum Vest
Marinarekolog | Tlf: +4746950980
www.museumvest.no

